



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 9, 2.mars 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Lærarstudentane i Volda tok over Velle barneskule

Fjerdeårsstudentane ved grunnskulelærerutdanningane i Volda tok over heile Velle skule i Ørsta i starten av februar. [Les meir om skuleovertaking, praksis og andre sider ved lærarutdanning på nettsidene våre.](#)

[LES MEIR](#)



Torhild Høydalsvik har vorte professor i pedagogikk

[Førsteamanuensis Torhild Høydalsvik](#), AHL, har vorte tilkjent kompetanse som professor i pedagogikk. Det fekk ho gjennom å søke på ei stilling ved Høgskulen på Vestlandet, og no har Tilsettingsutvalet for fagleg tilsette ved Høgskulen i Volda stadfesta vurderinga og dermed får Høydalsvik opprykk frå førsteamanuensis til professor.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv

Nærnett og andre øvingsmedia er tilbake

Den interne praksisen går for fullt på avdeling for mediefag. Så no kan du etter kvart få siste nytt og reportasjar frå [Nærnett](#), [Radio Volda](#) og frå [Nærsynet](#).

Nærnett: Møt Dana - lærarstudent og eliteseriespelar i handball

Dana Björg Gudmundsdottir (20) skulle egentleg til Bergen og studere fysioterapi - men kom i staden til Volda for å spele handball og studere til lærar. [Les om Dana på Nærnett](#).

Nærnett: Studentar sparar på matbudsjettet

Høgare pris på mat gjer at studentar må spare på matbudsjettet. [Les meir om det på Nærnett](#).

Nærnett har besøkt BUA utlåssentral: "Lån det du vil"

[Nærnett har vore innom BUA](#) og blant anna snakka med folk som har lånt gratis skiutstyr i vinterferien. Les meir på Nærnett. Les meir om [utlåssentralen BUA på nettsidene til Volda kommune](#).

Nærnett: Student Christina fekk jobb gjennom Tiktok

Student på PR og kommunikasjon Christina Edvartsen vart kjent for og med mange andre voldastudentar gjennom aktiv Tiktok-publisering i Fadderveka. Ho er ein av bidragsytarane bak [Høgskulen i Voldas Tiktok-filmar](#), og har også fått jobb som "Studentfluencer" for Flytoget. [Les meir på Nærnett](#).



Møt Andrea - student på Master in Media Practices

Master in Media Practices-studenten Andrea Björgolfsdóttir (26) er no på femte året som Volda-student, og stortrivst med både studium og livet utanom. [Les om kvifor ho valde å ta to år ekstra i ein bransje der mange nøyer seg med bachelorgrad.](#)

Allmøte for alle tillitsvalde studentar - 9. mars

Studentombod Gøril Hillersøy vil vere blant innleiaren på allmøtet, med hovudtema studentrettar og eksamen. Det blir også servert varm mat. Studentparlamentet ønsker velkomen til alle tillitsvalde. [Les meir på nettsida vår.](#)

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Gratinert blomkål og brokkoli med tomatsalat

Tysdag: Dampa laksefilet med creme fraiche/sennepsaus, gulrot og potetmos

Onsdag: Kylling cacciatore(kylling langtidskokt i rødvin)

Torsdag: Potetball med tilbehør

Fredag: Tacobuffé

Faglege arrangement - og fristar

Fagleg seminar for historikarar, religionsvitarar og museumsfolk: "Religiøs kultur i regional kontekst gjennom det lange 1800-talet"

Fagmiljøa på historie og religion ved Høgskulen i Volda arrangerer i samarbeid med Romsdalsmuseet og Viti seminar med tittelen: "Religiøs kultur i regional kontekst gjennom det lange 1800-talet". På seminaret deltek 25-30 deltakarar. Eit viktig formål med forskingsseminaret er å styrke forskningssamarbeidet mellom institusjonane. Seminaret er for inviterte forskarar og blir gjennomført på Høgskulen i Volda 1. mars.

SEANSE: Inviterer til kunstnaropphald - søknadsfrist 1. mars

Seanse - senter for kunstproduksjon ved Høgskulen i Volda er einaste i landet som tilbyr kunstnaropphald for prosjekt innan alle kunstsjangrar. Både enkeltkunstnarar og grupper er velkomne til å søke. I år vert samlingane i veke 24, 25, 42 og 43. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Biblioteket: Lillebø held føredrag om Ernaux - 3. mars

Biblioteket held [lunsjarrangement fredag 3. mars kl. 12.00: "Ordene som steiner, skriften som kniv."](#) Forfatar, journalist og litteraturkritikar Sandra Lillebø held føredrag om den franske forfattaren Annie Ernaux, som fekk Nobelprisen i litteratur i 2022.

Biblioteket: Marie Nedregotten Sørbø held føredrag om Jane Austen - 8. mars

[Lunsjarrangement onsdag 8. mars kl. 11.30: Austen på Aasens mål: om omsetjing som talking.](#) Professor Marie Nedregotten Sørbø, AHL, har omsett Jane Austen sin roman "Northanger Abbey" til nynorsk. Sørbø vil fortelje om kva som er dei største utfordringane med å omsetje Austens språk til norsk.

Biblioteket: Boklansering: Livsløpet til elevar på særvilkår - 10. mars

Fredag den 10. september kl 11.30 blir det lanseringsarrangement på HVO-biblioteket for boka ["Life Course of Special Educational Needs Students. Norwegian School Experiences and Long-term Consequences"](#). På lanseringa vil også teoretiske perspektiv og metodiske opplegg for prosjektet blir gjort greie for. Eit utdrag frå boka vil også bli utdelt. Dei tre redaktørane Finn Ove Båtevik, Rune Kvalsund og Jon Olav Myklebust skal saman med [førsteamanuensis Emmy Langøy](#) ha korte innlegg. Dei tre andre forfatarane, professor Irene Bele, [høgskulelektor Gerd Skjong](#) og [førstelektor Vidar Myklebust](#) vil også delta i diskusjonen etter innlegga. Nokre korte utdrag frå boka vil også bli utdelt.

SEANSE: Inviterer til kunstnartreff 14. mars - Møt mannen bak maskorama-maskene - påmeldingsfrist 6. mars

Møre og Romsdal fylkeskommune og Seanse – senter for kunstproduksjon inviterer til kunstnartreff 14. mars. På kunstnartreffet vil deltakarane få møte designar Kjell Ingebretsen Nordstrøm - alias Baron von Bulldog og høyre hans tankar om kunstnarleg inspirasjon. Han har blant anna arbeidd med Maskorama - og TV-serien Exit.

Fire kunstnarar som har fått Møre og Romsdals kunstnarstipend får presentere seg: Kunstnar og musikal Henrik Koppen. Filmskapar Jan Otto Ertesvåg. Elin Grimstad som driv med animasjon og litteratur. Og Ann Helen Kolås Ingebrigtsen som er forfattar. Dei vil fortelje om sine prosjekt og dele sine erfaringar.

Seanse og fylket har ambisjonar å få til ein møteplass mellom kunstnarar på tvers av uttrykk som kan gi nye og spennande samarbeid, og å synleggjere kunstnarane og arbeidet dei gjer. Kunstnarar, studentar, kommunar og kunst- og kulturinstitusjonar og andre interesserte er velkomne til å delta på dette kveldsarrangementet.

[Meir informasjon om arrangementet finn du på nettsidene til Seanse.](#) Ligg også på Høgskulen sine nettsider.

Nytt kurs i høgskulepedagogikk: Formidling i høgare utdanning: Søknadsfrist 15. mars

Formålet med emnet er å gje deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i arbeidet med kommunikasjons- og formidlingsteknikkar i ein didaktisk kontekst, både i det fysiske og det digitale klasserommet. Tilhøvet mellom teori og praksis, etiske problemstillingar og profesjonstilhøyrighet står sentralt. Deltakarene vil arbeide med mellom anna:

- Analyse av eiga undervisning knytt til kommunikasjonsmodellar,
- Praktiske og teoretiske øvingar knytt til ulike formidlingsteknikkar
- Mikrofon og kamerateknikk
- Dramaturgi som didaktisk verkemiddel

Studiet skal stimulere til kontinuerleg utvikling av faglærar sin pedagogiske kompetanse. Emnet kan også inngå i pedagogisk merittering. Emneansvarleg er [førstelektor Vibeke Preus](#), AKF. Den første samlinga blir arrangert 20.-21. april. [Les meir om emnet på nettsidene våre.](#) Søknadsfriristen er 15. mars 2023 - [søk om opptak på denne lenka.](#)

Støtte til utvikling av engelskspråklege emne - søknadsfrist 15. mars

Internasjonalt utval har lyst ut midlar til oppretting eller utvikling av engelskspråklege emne, og søknadsfristen er 15. mars. Eit emne på 15 studiepoeng kan få inntil kr 75.000 i støtte. Internasjonalt utval handsamar søknader i møte 27. mars, og det er ein føresetnad at emnet er eller vert godkjent av Utdanningsutvalet. Prorektor Odd Helge Tonheim sende invitasjon til alle tilsette 3. februar, og der

låg det også ved meir informasjon om utlysinga og krav til søknader. Søknader skal gå gjennom aktuell avdeling.

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhendelev fra Læringsverkstaden.](#)

Styre og stell

Møte i høgskulestyret 9. mars

Høgskulestyret har sitt første møte i 2023 torsdag 9. mars. Styresakene blir tilgjengelege på den [faste nettsida i løpet av torsdag 2. mars](#). Møtet blir overført på video og lenke til møtet blir å finne på www.hivolda.no.

Digitale låsar på heile høgskulen

Dørlåsane i Synnøve Riste-huset vert no skifta ut med digitale låsar og når arbeidet er gjort vil alle tilsette på HVO kunne låse seg inn med nøkkelkort eller mobil. Synnøve Riste-huset var det siste huset som fekk digitale dørlåsar.

Ny representant i tilsettingsutvalet for fagleg tilsette (TUFO)

Frå hausten av vil førstelektor Andre Folkestad, AMF, vere styrets representant i [TUFO](#), med professor Inger Marie Okkenhaug, ASH, som vara. Dette gjeld for 2 år.

Kultur-, nærings og folkehelseutvalet kjem til Høgskulen i Volda

Møre og Romsdal fylkeskommunes utval for Kultur-, næring og folkehelse har lagt sitt mars-møte til Høgskulen i Volda, og det skjer 14. mars. Same dagen - om ettermiddagen - blir det [kunstnartreff i samarbeid mellom HVO/Seanse og Møre og Romsdal fylkeskommune](#).

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Susanne Egset

Ei innføring i innhaldsdesign
og UX-skriving

Design med ord



FAGBOKFORLAGET

Tidlegare voldastudent har gitt ut bok: "Design med ord"

Susanne Egset har gitt ut boka "[Design med ord. Ei innføring i innhaldsdesign og UX-skriving](#)". Egset arbeider i dag som innhaldsdesigner i firmaet Netlife. Ho var student på PR og kommunikasjon ved Høgskulen i Volda 2008-2011. [Boka står også på lista over nyinnkjøpte bøker på HVO-biblioteket i februar 2023.](#)

Vibeke Preus: Høgskulelektor og kafèvert

[Vibeke Preus](#) er førstelektor på Avdeling for kulturfag og saman med Lisbeth Bergersen driv ho [Forfatteruenes B&B](#) som er ein kafè og overnattingsstad i Volda. [Nærnett har vore på besøk hos dei to fruene.](#)

Ny bustadleiar i Sivolda

Janne Gårdsvoll Vatne har teke til i fast stilling som bustadleiar på Studentsamskipnaden i Volda.

Publisering og formidling

Lifelong Learning Book Series 31

Finn Ove Båtevik
Rune Kvalsund
Jon Olav Myklebust *Editors*

Life Course of Special Educational Needs Students

Norwegian School Experiences and
Long-term Consequences

 Springer

Ny bok: Livslangt prosjekt om livsløpet til særvilkårselevar - blir lansert 10. mars

Tre forskarar ved Høgskulen i Volda, ASH, har redigert boka [Life Course of Special Educational Needs Students](#) som har vorte gjeve ut på Springer Link i bokserien Lifelong learning. Dei tre forskarane som har redigert boka er [professor Finn Ove Båtevik](#) og dei to emeritusane [professor Rune Kvalsund](#) og professor Jon Olav Myklebust. I tillegg har fleire andre tilsette og tidlegare tilsette ved ASH bidrag i boka: [Emmy Elizabeth Langøy](#) (Volda/Molde), [høgskulelektor Gerd Skjong](#), [dosent Vidar Myklebust](#) og professor emeritus Irene Velsvik Bele (AHL).

Boka er nr. 31 i Springers serie om livslang læring og byggjer på eit forskingsprosjekt som i 20 år har følgt 300 elevar som tok til på vidaregåande med særskilt tilrettelagd opplæring. Gjennom intervju og spørjeskjema er livsløpet til desse ungdommane kartlagt, mellom anna utdanning, arbeid, trygd, familieliv og sosiale relasjonar, både direkte ansikt til ansikt og formidla gjennom nettet.

Mange hjelpetiltak er sette i verk i vidaregåande opplæring for å hjelpe desse ungdommane, for eksempel ekstra oppfølging i spesialklasse og tett oppfølging av lærarassistent. Men analysane i prosjektet viser at desse tiltaka har heller dårleg effekt, både på kort og lang sikt.

Boka blir lansert på eit arrangement på HVO-biblioteket 10. mars kl 11.30.

Finset Spilling og Mork Rogne i "Computers & Education"

Høgskulelektor Eivor Finset Spilling og professor Wenke Mork Rogne, begge ved AHL, har saman med Vibeke Rønneberg (UiS), Jens Roeser (Nottingham Trent University) og Mark Torrance (Nottingham Trent University) publisert artikkelen ["Writing by hand or digitally: Effects on rate of learning to compose text"](#) i tidsskriftet Computers & Education. Forskarane har samanlikna utviklinga av skriftleg forteljekompetanse hjå førsteklasingar som skriv for hand og førsteklasingar som skriv på nettbrett. Resultata syner at elevane i stor grad lærer å komponere forteljingar i same takt gjennom det første året med skriveundervisning.

DigiHand-prosjektet i NRK

Forskarar og forskingsprosjekt frå Høgskulen i Volda viser igjen i den nasjonale debatten om blyant vs. nettbrett i begynnaropplæringa gjennom DigiHand-prosjektet ved AHL. [Ein fjernsynsreportasje med utgangspunkt i prosjektet er å sjå på NRK Møre og Romsdal sine nettsider](#). Saka vart også [følgt opp i Dagsnytt](#). (Sjå tidspunkt, kl 06:34).

Åsmund Svendsen deltek i debatten om Nasjonalgalleriet og Krogh-bildet

[Førsteamanuensis Åsmund Svendsen](#), ASH/Historie har skrive ein [kommentar i Klassekampen](#) om debatten omkring kolonialisme og Christian Krohgs måleri: [Leiv Eiriksson oppdager Amerika](#). [Svendsen har også delteke i debatt i Dagsnytt 18 om same saka](#). (Klikk på Tidspunkter, 40:26)

Kjartan Leer-Salvesen om avvergeplikt - også for forskarar

I eit intervju i magasinet Forskningsetikk seier [HVO-professor Kjartan Leer-Salvesen](#), ASH, at for forskarar som arbeider med barn, unge, familiar og utsette grupper kan kome i ein situasjon der avvergeplikta kan oppstå, og at dette må takast høgde for både i utforming av prosjekt og innsamlinga av data. [Les heile artikkelen på nettsidene Forskningsetikk.no](#).

Stipendiat Guro Bjørnevik: "Diskusjonen om språk bare pirker i overflaten"

"Det er revnende likegyldig om du velger å kalle Augustus Gloop i "Charlie og sjokoladefabrikken", enorm i stedenfor tjukk", er innleiinga på [HVO-stipendiat Guro Lovise Bjørnevik](#), AHL, sin [kronikk i Sunnmørsposten](#).

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre](#).

[Lærling i IT-driftsfag](#) - søknadsfrist 1.3.2023

[Førstekonsulent/seniorkonsulent på Avdeling for mediefag](#) - søknadsfrist 9.3.2023

[Professor / dosent / førsteamanuensis / førstelektor / høgskulelektor i samfunnsvitskap](#) - søknadsfrist 10.3.2023

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i matematikdidaktikk/matematikk](#) - søknadsfrist 17.3.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO](#).

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

- 3.3.2023: [Føredrag om Annie Ernaux ved forfatter Sandra Lillebø](#), Biblioteket
- 9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
- 14.3.2023: [Seanse: Kunstnartreff](#), Henrik Kaarstad-huset
- 16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar
- 23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde
- 29.3.2023: Konsert med høgskulekoret
- 29.3.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket
- 30.4.2023: [Næringskonferansen for Søre Sunnmøre](#), Ørsta
- 20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)
- 11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar
- 26.4.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket
- 3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
- 4.-7.5.2023: [Den norske dokumentarfilm-festivalen](#)
- 25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
- 31.5.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket
- 31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar
- 15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
- 20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

- 1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
- 15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
[Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
- 7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
[Animation Volda](#)
- 26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
- 7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Våren 2024:

- 7.3.2024: Høgskulestyret
- 8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)
- 30.6.2024: Høgskulestyret

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

23.2.2023: [Norskopplæring for internasjonale tilsette](#)

12.2.2023: [Vekerevnen: "På feil fest" var heilt rett fest!](#)

8.2.2023: [Færre førstekompetente på HVO – men framtida ser lovande ut](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[Finn-ein-forskar](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg](#)

[Fjordkonferansen](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)